

# LÅNEREGLAR I TYSVÆR FOLKEBIBLIOTEK

## **Lånekort:**

Alle lånarar skal ha lånekort. Vaksne og ungdom mellom 15 og 18 år skal vise legitimasjon ved innregistreringa. Barn kan få eigne lånekort når dei har byrja på skulen. Ein av dei føresette skal godkjenne dette, og namnet til den føresette skal knyttast til lånaropplysningane om barnet. Barn skal ikkje registrerast med epost-adresse utan at dette er godkjent av ein av dei føresette.

Biblioteket kan krevje at lånekortet er med ved utlån. Tapt lånekort blir erstatta med kr. 20.

## **Utlånstid:**

**Bøker, tidsskrift og musikk:** 4 veker

**Video-/DVD og Cd-rom:** 1 veke

**Språkkurs:** 8 veker

Biblioteket kan vurdere utlånstida individuelt i særskilte høve/i særskilte periodar..

## **Lånemengde:**

Normalt inga avgrensing.

Registreringa kan ikkje ettersporast til lånar etter at materialet er innlevert. Ein del bøker og oppslagsverk er ikkje til utlån.

## **Tilgang til publikums-maskinene:**

**Maskinene kan brukast til internett, Cd-rom og tekstbehandling.**

Kvar brukar kan disponere maskin ein halv time i gongen. Tida kan utvidast dersom ingen andre ventar.. Utskrift frå internett: kr. 2 pr. svart/kvitt side, kr. 5 pr. side med fargestrykk.

Det er ikkje høve til å bruke eigne minnepennar eller cd-plater i maskinene.

**Låneretten er ikkje avgrensa til dei som bur i Tysvær kommune, men er eit tilbod til alle som bur i landet.**

**Fornyng av lån** kan vanlegvis gjerast når ingen andre ventar. Normal fornyingsperiode er 28 dagar, for filmene 7 dagar.

**Reservering av utlånt materiale** kan gjerast utan kostnad for lånaren. Biblioteket gjev melding når materialet er tilgjengeleg.

## **Forespørslar som ikkje kan dekkjast frå eigne samlingar eller frå**

**internett:** Biblioteket samarbeider med andre bibliotek om innlån av bøker/kopiar av artiklar, utan kostnad for lånarane. Ved innlån frå utlandet skal lånaren dokumentere ei særskilt interesse. Biblioteket gjev melding når materialet er tilgjengeleg.

## **Varsel på materiale som er ute over tida:**

Det blir sendt inntil tre varsel på utlån over tida.

Varslingsgebyra er for tida:

Eitt varsel: kr. 20

To varsel: kr. 30

Tre varsel: kr. 50

Øvre grense for varsel: kr. 100

Varsel blir vanlegvis sendt 14 dagar etter leveringsfristen er ute.

Reservert materiale som er ute over tida blir varsla umiddelbart etter forfall. Slike varsel blir det ikkje kravd gebyr for.

Lånarar med uteståande gebyr kan sperrast for vidare lån til gebyret er betalt.

## **Erstatning av tapt materiale:**

Erstatningssummen tek utgangspunkt i innkjøpsprisen. I særskilte tilfelle kan biblioteket fråvike denne prisen. I tillegg kjem eit gebyr på kr. 100 . Gebyret må betalast sjølv om materialet blir levert.

Rekningar som gjeld utlån til umyndige personar, blir sende til føresette.

Lånarar som har uteståande rekningar, blir sperra for vidare lån.